

## Sexus, genus, namn og kjønn

---

*Ein populærvitenskapleg artikkel av Ivar Berg som stod på trykk i riss: magasin for studentar og tilsette ved institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, NTNU 2013:2, s. 12–17.*

---

For grammatikaren har *kjønn* to åtskilde tydingar, som me gjerne klårgjer med dei latinske nemningane *sexus* og *genus*: *Sexus* er det fysiske, naturlege kjønn, medan *genus* er grammatisk kjønn. Her skal eg sjå litt på nokre eigenskapar ved det me kallar grammatisk kjønn, og særleg når det bryt med dei oppfatningane me har om kjønn i den verkelege verda. Til sist tek eg opp ein samanheng der koplinga mellom dei to typane kjønn er særleg sterk, nemleg namn på menneske.

### Genus i norsk

Genus kan definerast som klassar av substantiv som andre ord samsvarar (kongruerer) med. Det er altså *samsvar* mellom ulike ord som er det avgjerande kriteriet når ein fastslår kor mange genus eit språk har. Ulike endingar på substantiva sjølv er ikkje nok til å snakke om forskjellig genus, for det kan gjerne vera fleire bøyingsklassar av substantiv, der kvar klasse har sine endingar.

Norsk har tre genus: maskulinum, femininum og nøytrum. Dei tilsvarande sexusnemningane er hankjønn, hokjønn og inkjekjønn. Norske substantiv *har* genus, medan adjektiv og determinativ blir *bøygde* etter det ordet dei står til. Det heiter altså *ein liten gut, ei lita veikje, eit lite barn*, der artikkelen og adjektivet vekslar etter genus på substantivet. Og her ser me at *genus* er ei betre nemning enn *kjønn*, for det litle barnet er ikkje kjønnslaust i sexustydinga.

Eit system med tre genus som grovt sett svarar til tre nokså logiske sexus, finn me att i mange indoeuropeiske språk, men ein del av dei har forenkla systemet. Såleis har romanske språk (dei som ættar frå latin, t.d. spansk, fransk og rumensk) stort sett berre maskulinum og femininum, medan gamle nøytrumsord har fordelt seg på dei to attverande genusa. Av dei germanske språka har afrikaans og engelsk heilt mista genuskategorien (unnateke personlege pronomen), medan dansk og svensk har slått saman maskulinum og femininum til eit felleskjønn. Men det er dialektale unntak: Mange svenske dialektar har tre genus, medan nokre jyske dialektar har gått ein heilt eigen veg og slått saman alle tre genus, men til gjengjeld utvikla eit nytt skilje mellom teljelege og uteljelege ord (mengdeord som *mjølk*). Ein tendens til det same finst òg i nederlandsk.

Det tala riksmålet, som var basert på dansk, hadde som opphavsspråket berre to genus. Det har skjedd ei utjamning mellom «danna tale» og «vulgærspråket» etter kvart, men i dette stykket er det riksmålstradisjonen som har vunne, og oslomålet er på god veg mot eit system med to genus (Lødrup 2011). Sjølv om somme ord har *a* i bunden form (*boka*) og andre *en* (*bilen*), bøyer folk vanlegvis *en bok – boka* og *en bil – bilen*, og *boka/bilen er min*. Når samsvarande ord har lik form, blir dette berre ulike bøyingsklassar slik genus vart definert ovanfor. På same vis bøyer mange dialektar sterke og linne feminina ulikt, t.d. bunden form eintal *sole* og *visa* i midlandsmål, men det er same genus. Dialekten i Bergen har heller ikkje hokjønn, og der blir denne endringa sett på som ei grammatisk forenkling som skjedde på grunn av språkkontakten med lågtysk i seinmellomalderen.

### Andre genussystem

Andre språk kan ha heilt andre system. Tamil har eit gjennomført system med naturleg genus, slik at gudar og menn er maskulinum, gudinnor og kvinnor er femininum, medan alt anna er nøytrum (Corbett 1991: 9). I indoeuropeiske språk er mange av orda utan naturleg kjønn anten maskulinum eller femininum, og fordelinga mellom genusa verkar nokså tilfeldig. Det er likevel mogleg å setje opp reglar for kva genus ord av ymse typar har

(Trosterud 2001). Til dømes er avlange ting oftast maskulinum, medan ting med hòl i og terrengfordjupingar er femininum. Det er mogleg å tenkje seg ei kopling til sexus her.

Det er nokså vanleg at genussystem er knytte til sexus, men andre system finst. Ein del språk skil mellom animata (levande ting) og inanimata, t.d. alle dei algonkinske språka i USA og Kanada. Det australske språket dyirbal har (såvidt, etter *Ethnologue* var det 29 talarar i 2006) eit eige genus for etande frukt og grønsaker (Corbett 1991: 15).

Bantuspråka i det sørlege Afrika (swahili er det mest kjende) har rike genussystem, men skiljet mellom genus og bøyingsklasse er uklårt. Eldre analysar opererte med mellom ti og tjuve bøyingsklassar (Corbett 1991: 44), medan ein analyse som legg vekt på samsvar som det avgjerande kriteriet, nøyer seg med å rekne sju genus i swahili (Corbett 1991: 47). Her blir genus markert med prefiks på bøyelege ord i setninga, inkludert substantivet sjølv og jamvel verbet.

Russisk har kjønnsbøying av verb. Der blir *han sa* og *ho sa* høvesvis *skazal* og *skazala* (jf. endinga *a* i etternamna åt russiske kvinner). I ei korpusundersøking viste det seg at ord for fødsel og husarbeid stort sett har feminin form; logisk nok, med tanke på tradisjonelle kjønnsrollemønster. Meir interessant gjaldt det same ord for hekseri og spådom òg, medan ord for drikking og røyking oftast hadde maskulin form (Kuznetsova 2013). Det stadfestar vel eit par fordomar.

Dei uraliske språka, blant dei samisk og finsk, har ikkje genus i det heile, heller ikkje i personlege pronomen: Finsk *hän* kan tyde både 'han', 'ho' og 'det'. Det er opphavet til det kjønnsnøytrale pronomenet *hen* som etter kvart er ein del bruka i svensk og har nokre målmenn i Noreg òg.

### Kryssande genus og sexus

Somtid kan det vera konflikt mellom sexus og genus, slik at ordet for eit vesen av hokjøn grammatisk sett er maskulinum eller nøytrum (eller omvendt, men det er sjeldnare). Slike konfliktar viser seg helst når me skal vise attende til substantivet med pronomen. Ein kan i slike høve anten referere til genus (syntaktisk samsvar) eller sexus (semantisk samsvar). Det er skilnad på ordklassane, og særleg personlege pronomen får ofte semantisk samsvar, medan t.d. relative pronomen har syntaktisk samsvar (Corbett 1991: 225 ff.).

Eit vanleg døme er det tyske ordet *das Mädchen* 'veikja', som er nøytrum, men definitivt hokjøn: På tysk skal pronomen samsvara i genus og numerus (tal) med det dei viser til, men tyskarar seier like gjerne *sie* 'ho' i samsvar med sexus som *es* 'det' i samsvar med genus i setningar som denne: «Guck das Mädchen da drüben! Sie ist wirklich hübsch.» 'Sjå veikja der borte! Ho er verkeleg pen.' Syntaktisk samsvar er likevel vanlegast i skrift. Det er likeins på nederlandsk, der *het meisje* 'veikja' òg er nøytrum, men blir referert til med *haar* 'ho'.

### Namn og kjønn

I språk med nokolunde fast samsvar mellom genus og sexus kan det vera artig når personnamn har «feil» genus. På norrønt vart namn bøygd akkurat som andre substantiv, slik det framleis er på islandsk, og ein del mannsnamn vart bøygd som linne feminina: *Sturla*, *Órókja*, *Ella*, *Roskva*, *Sifka*, *Skúta*. Dei siste er vel mest vanlege i skaldskap, men både *Sturla* og *Órókja* var tolleg vanlege namn. I moderne islandsk finst *Sturla*, og det er dessutan éin person med *Skúta* som andre førenamn (Þjóðskrá Íslands). Eg kjenner berre to kvinnenamn som går hin vegen og blir bøygd som linne maskulina, nemleg *Skaði* (kona hans *Njörðr*) og *Yri*, eit anna mytologisk namn.

Somme norrøne og islandske namn har eit nesten likelydande namn for det andre kjønn. Ved paret *Helga/Helgi* må ein halde tunga beint i bøyginga: I oblike kasus heiter det høvesvis *Helgu* og *Helga*, slik at kvinnenamnet i nominativ har same form som mannsnamnet i oblik form. I ein fotballkamp mellom Noreg og Island hadde islendingane ein spelar som var *Helguson*. Den grammatisk observante tilskodaren lurde da på om guten

kanskje var farlaus, sidan han hadde namn etter mora *Helga*. Det er fulla sjeldnare på Island enn i Noreg, men somme får namn etter bae foreldra. Kjartan, den tidlegare professoren i islandsk ved Universitetet i Oslo, var såleis både Gyðuson og Ottósson, sjølv om han ofte utelét eller avstytte metronymet til G. (Metronym er namn etter mora, slik patronym er namn etter faren.)

### Kjønnsnøytrale nemningar

Mange yrkesnemningar hadde tidlegare to former på norsk, ei mannleg og ei kvinneleg, slik det framleis er på tysk. Dette er det meir eller mindre slutt på. Dei mest språkkonservative skil kanskje mellom *lærer* og *lærarinne*, men jamt over har hankjønnsformene vorte ålgjengde. Dei er framleis maskulinum, men blir ikkje lenger knytte til hankjønn. I andre yrkesnemningar er utskiftinga i staden gått til andre ord. Dei gamle *meierist* og *meierske* er jamt over utskifta med *næringsmiddelteknolog* for arbeidstakarar av bae kjønn – og meieria er stort sett nedlagde uansett.

Dei aller fleste *formenn* har no vorte *leiarar*. Bae orda er maskuline, men *mann* blir oppfatta som eintydig hankjønn. Men den opphavlege tydinga av *mann* var ‘menneske’. Ivar Aasen har dette som første tyding i ordboka si og nemner samansetjingane *karmann* og *kvinnmann* (jf. engelsk *woman*). Tydinga heng delvis att enno, på trøndersk brukar me til dømes *mann* i uttrykk som «dei var ti mann» ‘ti personar (uansett kjønn)’, medan eit menneske av hankjønn helst blir kalla *kar*. Og det er vel ikkje slik at ei mannevond bikkje berre er farleg for karar?

### Tvikjønna namn

Somme personnamn kan brukast av bae kjønn og er såleis sexusnøytrale eller tvikjønna. Alhaug (1985) listar opp ein god del slike, og sams for mange av dei er at dei har kome til oss frå utlandet. Det vanlege svenske mannsnamnet *Janne* er helst bruka på kvinner hjå oss, men Noreg har 37 mannlege *Janne* (tala her og seinare er frå SSBs namnestatistikk). Andre tvikjønna namn er *Kim* (vanlegast på menn, men òg bruka av drygt 600 kvinner) og *Kai/Kay* – bae variantane helst på menn, sjølv om det finst nokre kvinner. Iallfall som kvinnenamn har både *Kim* og *Kay* kome til oss frå engelsk. Litt artig er det at *Kaj* berre blir bruka om menn, men i Sverige er det òg tvikjønna (Alhaug 1985: 182).

Andre namn har vorte tvikjønna på grunn av språkendingar i norsk. Mannsnamnet *Þórir* har vorte til *Tore*, og i dialektar med reduksjon av trykklett *-a > -e*, som t.d. infinitiv *þora > tore*, vart kvinnenamnet *Þóra* samstundes til *Tore*, slik at *Tore* kunne brukast om bae kjønn. Sidan det er så mykje meir bruka om menn, forsvinn det truleg etter kvart som kvinnenamn – no er det ti kvinner i Noreg som heiter *Tore*, medan materialet hans Alhaug (1985) frå perioden 1900–74 har 68. Liknande endringar gjeld andre namn der det eine kjønn er i klårt mindretal.

Bortfallet av dei norrøne bøyingsendingane gjorde at avleiingar som *-leifr* og *-laugr*, bruka om menn og med den typiske norrøne maskulinumsendinga *-r* (i nominativ), fall saman med kvinnenamn på *-leif* og *-laug*. Stort sett er det no slik at samansetjingar på *-leiv* er mannsnamn (uttalen har alltid vore som moderne norsk *v*, sjølv om det vart skriva *f* i norrønt) og dei på *-laug* er kvinnenamn, t.d. *Gunnleiv* og *Gunnlaug*, som på norrønt hadde variantar for bae kjønn.

Eg skal avslutte dette stykket med ei soge frå røynda om kor nøytrale tvikjønna namn eigentleg er. Australske Kim O’Grady fortalde på bloggen sin i juli 2013 om da han sa opp arbeidet for å prøve noko nytt.<sup>1</sup> Med gode kvalifikasjonar rekna han med at det ville bli ei smal sak, men på over fire månader vart han ikkje eingong kalla inn til intervju. *Kim* er eit tvikjønna namn på engelsk, og CV-en hans var òg kjønnsnøytral og utan bilete – men

1 <http://whatwouldkingleonidasdo.tumblr.com/post/54989171152/>, lese <sup>10</sup>/<sub>10</sub> 2013.

namnet er i dag mest bruka av kvinner (det var omvendt før). Da han endra namnet på CV-en til «Mr. Kim O'Grady», vart han prompte kalla inn til intervju på dei to neste søknadene. Namnet var i seg sjølv kjønnsnøytralt, men det var diverre ikkje haldningane i samfunnet.

### **Referansar**

Alhaug, Gulbrand. 1985. «Ho Tore og han Helle» – Om tvikjønna fornamn i Noreg. I: Tove Bull og Anton Fjeldstad (utg.), *Heidersskrift til Kåre Elstad*, 175–193. Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø.

Corbett, Greville. 1991. *Gender*. Cambridge: Cambridge University Press.

Ethnologue. <http://www.ethnologue.com/language/dbl>, lese <sup>10/10</sup> 2013.

Lødrup, Helge. 2011. Hvor mange genus er det i Oslo-dialekten? *Maal og Minne* 2011(2): 120–136.

SSB namnestatistikk. <http://ssb.no/navn/>. Lese <sup>10/10</sup> 2013.

Kuznetsova, Julia. 2013. *Linguistic Profiles: Correlations between Form and Meaning*. Ph.d.-avhandling, Universitetet i Tromsø. [Intervju på [http://uit.no/ansatte/organisasjon/nyhetsartikkel?p\\_document\\_id=338116](http://uit.no/ansatte/organisasjon/nyhetsartikkel?p_document_id=338116). Lese <sup>10/10</sup> 2013.]

Trosterud, Trond. 2001. Genustilordning i norsk er regelstyrt. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 19(1): 29–58.

Þjóðskrá Íslands. <http://hagstofa.is/Pages/21>. Lese <sup>10/10</sup> 2013.